

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 11.12.2023
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseth og Asle Kjørilaug**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2023**

Arkivsak

2023/944

Styresak 081/2023

Styremøte 19.12.2023

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per november 2023 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering


Resultatet for november er positiv med eit resultat på 4,7 millionar, noko som er 3,0 millionar betre enn budsjett. Ei positiv utvikling, der hovudforklaringa er auke i tildelte midlar, samt lågare forbruk på fleire postar.

Aktiviteten gjennom november var god. Administrerende direktør har gjennom hausten sett i verk ekstraordinære tiltak for å redusere ventetidene, der Helse Førde samla vart tildelt 2,6 millionar kroner. Vidare ser ein at somatikken samla leverer aktivitet i tråd med budsjett denne perioden, noko som er ei betring samanlikna med føregående månader. Aktiviteten var også god innan psykisk helsevern for vaksne, medan den var under plan for barn og unge.

Helse Førde har blitt tildelt samla 3,8 millionar kroner til utdanningsstillingar til spesialsjukepleiarar innan anesthesi-, barn-, operasjon-, intensiv- og kreftsjukepleie og jordmorutdanninga. Halvparten av dette er inntektsført i november, fordelt mellom kirurgisk og medisinsk klinikk.

Samla gjev desse auka midlane, samt lågare meirforbruk på kostnadssida enn føregående månader, eit vesentleg betre resultat enn føregående månader. Administrerende direktør har tidlegare kommunisert at vi truleg vil få eit betre resultat enn prognosen frå september som var 50 millionar bak budsjett. På bakgrunn av resultatet har ein valt å justere ned prognosen til 40 millionar bak budsjett. Administrerende direktør meiner dette må vurderast som eit forsiktig estimat då årsoppgjersposteringsar normalt sett har positiv effekt på det endelege resultatet.

Dette medfører like fullt inga endring knytt til det økonomiske utfordringsbiletet som føretaket står overfor – på kort eller lang sikt. Noko av betringa i denne månaden er eingongs-effektar, vidare er ikkje betringa i ein slik storleik at det endrar det overordna biletet. Administrerende direktør meiner det framleis er behov for større tiltak og endringar for å sikre ei drift i tråd med økonomiske rammer.



Innan fag ser vi tendens til den ønska endringa for ventetider i somatikken. Det er reduksjon for ventetid for ventande totalt sett frå 81 dagar i oktober til 74 dagar i november. Når vi ser på dei fagområda der det er satt inn målretta tiltak (augeavdelinga og kirurgisk avdeling) er det ei meir markant endring, særleg innan fagområdet urologi som går frå 110 dagar ventetid for ventande i september til 43 dagar i november.

Det er også vesentleg betre ventetider for psykisk helsevern for barn og unge (PBU), der ventetid for behandla no er 43 dagar, medan ventetid for ventande er under langstidsmålet med 31 dagar. Innan psykisk

helsevern for vaksne og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er ventetidene framleis stabilt under langtidsmålet.

Administrerende direktør erkjenner at det framleis er relativt mange nye fristbrot (239 oppstått i november), spesielt innan fordøyingssjukdommar og gastroenterologisk kirurgi, medan det er starta behandling med 329 pasientar som hadde fristbrot. Det er 8 nye fristbrot i PBU, noko som er ein nedgåande trend.


Samla sjukefråvær i oktober var 7,3 prosent, ein liten reduksjon frå føregåande månad. Det er stor variasjon innan klinikkane og avdelingane, nokre med stort fråvær og andre som held eit lågare og meir «normalt» fråvær. Sjølv om fråværet i føretaket er forholdsvis høgt, viser likevel Helse Førde sine tal at vi har lågare fråvær samla sett enn dei andre føretaka i Helse Vest.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:



- Somatikk: 74 dagar ved utgangen av november (81 i oktober). 71 i november i fjor. Altså + 3 frå i fjor.
- PHV-V: 25 dagar ved utgangen av november (21 i oktober). 21 i november i fjor. Altså + 4 frå i fjor.
- PBU: 31 dagar ved utgangen av november (31 i oktober). 26 i november i fjor. Altså + 5 frå i fjor.
- TSB (rus): 9 dagar ved utgangen av november (10 i oktober). 9 i november i fjor. Altså likt som i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i november, var:

- Somatikk: 81 hittil i år (89 dagar i november) – måltal er 50. 76 hittil i fjor. Altså + 5 frå i fjor.
- PHV-V: 31 hittil i år (26 dagar i november) – måltal er 40. 34 hittil i fjor. Altså - 3 frå i fjor.
- PBU: 54 hittil i år (43 dagar i november) – måltal er 35. 50 hittil i fjor. Altså + 4 frå i fjor.
- TSB (rus): 21 hittil i år (12 dagar i november) – måltal er 30. 25 hittil i fjor. Altså - 4 frå i fjor.




Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 329 fristbrot på behandla pasientar i november svarande til 13,5 prosent av behandla i november (13,9 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,2 prosent.
- Førebels registrert 239 nye fristbrot i november, svarande til 8,1 prosent av alle med frist i november (10,0 prosent i oktober).



Andel ikkje møtt

Høgare enn normalt med 3,0 prosent (3,0 prosent i oktober). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,7 prosent.



Epikrisetider (oktober-tal)

Innan 1 dag (mål 70 %)

- Somatikk 79 prosent denne månaden og hittil i år 77 prosent (74 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 53 prosent denne månaden og hittil i år 47 prosent (34 prosent i heile 2022).
- TSB/Rus 61 prosent denne månaden og hittil i år 68 prosent (65 prosent i heile 2022).

Innan 7 dagar (mål 100 %):


- Somatikk 94 prosent denne månaden og hittil i år 92 prosent (91 prosent i heile 2022).
- Psykisk helsevern 86 prosent denne månaden og hittil i år 88 prosent (85 prosent i heile 2022).
- TSB/rus 94 prosent denne månaden og hittil i år 94 prosent (90 prosent i heile 2022).

Korridorpasientar

35 korridorpasientar, svarande til 0,5 prosent av innlagde (0,4 prosent førre månad). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.

Utskrivingsklare pasientar

21 døgn i november, svarande til 0,4 prosent av alle liggedøgn (0,2 prosent i heile 2022). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,6 prosent.




Stryking av planlagde operasjoner

30 strøke operasjoner i november, svarande til 5,1 prosent av alle. Gjennomsnitt for Helse Vest er 8,5 prosent.

Antall strykninger - nasjonal definisjon

● Antall ● Strykningsprosent



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 837	1 827	11	1 786	51	19 197	19 438	-241	18 404	793
DRG-poeng poliklinikk, A	512	484	28	489	23	5 042	4 931	111	4 840	201
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	108	135	-27	98	10	1 810	2 041	-231	1 835	-25
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	46	58	-12	53	-7	656	692	-36	714	-58
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 504	2 504	-0	2 427	77	26 704	27 102	-398	25 793	911
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	40	150	-110	110	-70	1 280	1 534	-254	1 253	27
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 498	2 596	-98	2 484	14	27 328	27 944	-615	26 332	996
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 399	1 343	56	1 310	89	13 846	13 755	91	13 409	437
Tal sjukehusopphald	1 455	1 551	-96	1 495	-40	15 738	16 777	-1 039	15 884	-146
Tal polikliniske konsultasjonar	11 886	11 028	858	11 246	640	115 499	113 012	2 487	110 665	4 834
DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,644	0,631	0,013	0,637	0,007	0,649	0,637	0,012	0,628	0,021
Poliklinikk	0,043	0,044	-0,001	0,044	-0,000	0,044	0,044	0,000	0,044	-0,000


Perioden

Samla DRG-produksjon i somatikken var som budsjettert (+0 poeng) i perioden, noko som var 3,2 prosent over fjoråret (+77 poeng). Aktiviteten i perioden er 5,9 prosent høgare enn budsjett målt i samla tal behandlingar, noko som er 4,9 prosent høgare enn tilsvarende periode i fjor.

Til no i år

DRG-produksjonen hittil i år er 398 poeng lågare enn budsjettert, noko som utgjer eit avvik mot budsjett på -1,5 prosent. Aktiviteten er like fullt høgare enn tilsvarende periode i fjor, med eit positivt avvik på 3,5 prosent (+911 poeng). Målt i tal behandla eller undersøkte pasientar er aktiviteten noko høgare enn budsjett (+1,1 prosent), og samla høgare enn tilsvarende periode i fjor (+3,7 prosent).

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
DRG poeng	504	452	52	461	43	4 546	4 357	189	4 247	299
Tal heildøgnsopphald	1 436	1 517	-81	1 617	-181	15 775	17 227	-1 452	16 635	-860
Tal utskrivne pasientar	54	90	-36	79	-25	802	967	-165	864	-62
Polikliniske kons. m/refusjon	2 363	2 373	-10	2 601	-238	22 784	22 869	-85	23 524	-740
Rus										
DRG poeng	48	40	8	42	6	426	445	-19	410	16
Tal heildøgnsopphald	630	634	-4	676	-46	6 683	6 949	-266	5 841	842
Tal utskrivne pasientar	20	19	1	19	1	234	240	-6	198	36
Polikliniske kons. m/refusjon	207	209	-2	259	-52	1 834	2 301	-467	2 310	-476
Psykisk helsevern barn og unge										
DRG poeng	521	600	-79	563	-42	4 902	5 612	-710	4 829	73
Tal heildøgnsopphald UPH	151	150	1	161	-10	977	1 204	-227	1 179	-202
Tal utskrivne pasientar UPH	10	9	1	11	-1	90	103	-13	116	-26
Polikliniske kons. m/refusjon	1 520	1 998	-478	1 989	-469	14 342	18 671	-4 329	17 280	-2 938

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i høve plan for perioden. Akkumulert har vi litt lågare aktivitet enn i fjor.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er aktiviteten på nivå med plan for perioden. Akkumulert har vi vesentleg høgare aktivitet innan døgnopphald enn i fjor.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lågare enn plan og i fjor.

Beleggsprosent



ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
☒ ISF inntekter	55 346	55 679	-333	581 813	594 861	-13 048	647 294
☒ Gjestepasient inntekter	2 222	2 694	-472	29 695	30 522	-827	33 067
☒ Poliklinikk og andre pasientinntekter	14 555	15 427	-872	152 037	157 984	-5 947	173 290
☐ Pasientrelatert inntekt	72 123	73 800	-1 677	763 545	783 367	-19 822	853 651
☒ Basistilskudd	241 402	236 850	4 553	2 353 892	2 348 750	5 142	2 586 842
☒ Andre inntekter	5 787	6 415	-628	60 753	65 430	-4 677	71 632
☒ Sum Driftsinntekter	319 312	317 065	2 247	3 178 191	3 197 548	-19 357	3 512 125
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-51 594	-51 312	-282	-476 104	-463 452	-12 652	-508 667
☒ Lønn- og personalkostnader	-211 124	-206 117	-5 006	-2 172 956	-2 122 782	-50 175	-2 334 824
☒ Øvrige kostnader	-43 216	-47 962	4 746	-448 960	-482 986	34 025	-528 644
☒ Av- og Nedskrivning	-7 941	-8 423	482	-88 800	-92 587	3 787	-101 000
☐ Sum Driftskostnad	-313 875	-313 814	-60	-3 186 820	-3 161 806	-25 014	-3 473 135
☐ Driftsresultat	5 437	3 250	2 187	-8 629	35 741	-44 371	38 990
☒ Sum Finans	-715	-1 584	869	-2 333	-17 408	15 075	-18 990
☒ KAPP-konto				0		0	
☐ Totalresultat	4 722	1 667	3 055	-10 962	18 333	-29 296	20 000

Perioden

Resultatet i november er +4,7 millionar kroner, noko som gjev eit positivt avvik mot budsjett på 3,0 millionar kroner.

Hovudårsaka til positivt avvik var korrigering av basisramme, samt inntektsføring av ekstra midlar til utdanningsstillingar for spesialsjukepleiarar tildelt i november, samt ekstra midlar til auka aktivitet. Samla gav dette ekstra basisrammemidlar på 4,6 millionar kroner.

Aktiviteten i somatikken var i perioden som budsjettert, ei positiv utvikling frå dei føregåande månadane. Bakgrunn for negativt avvik var hovudsakleg lågare gjestepasientinntekter enn budsjettert, men då også lågare kostnader enn budsjettert. Samla gav gjestepasientområdet eit positivt bidrag til det økonomiske resultatet. Andre inntekter noko lågare enn budsjettert. Samla var inntektene 2,2 millionar kroner høgare enn budsjettert.

Det var i perioden meirforbruk på varekostnader. Hovudårsaka er medikamentkostnader, spesielt store utgifter til medikament for å behandle enkeltpasientar. Det er i perioden eit vesentleg mindreforbruk knytt til gjestepasientkostnader. Helse Førde har per november lågare aktivitet overfor Helse Bergen enn budsjettert, noko som medverkar til positivt avvik. Kostnadene knytt til pasienttransport er også lågare enn budsjettert. Øvrige kostnader er også under budsjett, hovudsakleg grunna avsetjingar i budsjett og låge straumkostnader.

Løns- og personalkostnader er i perioden 5,0 millionar kroner over budsjett. Meirforbruket er noko lågare enn kva det har vore føregåande månader gjennom hausten. Det inkluderer ein del ekstrakostnader i samband med ekstra poliklinikk, og andre tiltak for å auke aktiviteten som har medført ekstra bruk av lønnsmidlar. Lønsrefusjonane var i perioden 1,3 millionar høgare enn budsjettert, og bidrog til å redusere det samla avviket knytt til løn og personale.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er på -11,0 millionar kroner, noko som gjev eit avvik mot budsjett på -29,3 millionar kroner.

Driftsinntektene er samla -19,4 millionar kroner bak budsjett, negativt avvik knytt til pasientrelaterte inntekter utgjør samla -19,8 millionar kroner av dette.

Samla løns- og personalkostnader er 50,2 millionar kroner over budsjett så langt i år. Hovuddrivarane til meirforbruket så langt i år er kostnader knytt til overtid med 28,1 millionar kroner meir enn budsjettert, vikarar 33,4 millionar kroner meir og innleige med 16 millionar. Lønsrefusjonar samla er 18,8 millionar høgare enn budsjett, og reduserer med det meirforbruket.


Hittil i år er det eit samla meirforbruk knytt til varekostnader, hovudsakleg knytt til medikament og medisinske forbruksvarer på samla 32,7 millionar kroner, medan det er eit mindreforbruk knytt til kjøp av helsetenester/gjestepasientar. Øvrige kostnader er lågare enn budsjettert grunna avsetjingar i budsjettet og lågare straumkostnader. Rentekostnader og avskrivningar er samla per november lågare enn budsjettert.

Likviditet

Ved utgangen av november hadde Helse Førde ein negativ saldo på konto med -390 millionar kroner. Skattetrekksmidlar vert haldne utanfor i summeringa, og det var ved utgangen av månaden sett av 54 millionar kroner til skattetrekk.

Det var samla utbetalt 67 millionar til investeringar i perioden, og 57 millionar kroner til Kommunal Landspensjonskasse.

Helse Førde har per september ei disponibel trekkramme på driftskreditten på 666,5 millionar kroner. Driftskredittramma skal i hovudsak dekke pensjonsforpliktingar. Helse Førde vil vere avhengig av kassekreditten framover for å ha disponibel likviditet. Framskrivning av likviditeten basert på kjende forhold og prognose for 2023, følgjer av figuren under.




MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær

Sjukefråværsprosent

År ● 2019 ● 2022 ● 2023



År	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
2023	7,6	7,4	7,5	7,5	6,4	6,6	7,5	6,4	7,7	7,3		
2022	7,7	10,4	9,6	7,3	7,0	7,2	8,3	6,1	6,1	6,8	6,5	7,9
2019	6,8	7,5	7,2	5,6	6,0	6,9	6,0	6,0	6,1	6,0	6,7	6,5
Snitt hittil i år	7,6	7,5	7,5	7,5	7,3	7,2	7,2	7,1	7,2	7,2		

Samla sjukefråvær for Helse Førde i oktober var 7,3 prosent, noko betre enn førre månad. Nedgangen var størst knytt til langtidsfråværet.

Sjukefråværsprosent kort og lang tid

● Kort tid prosent ● Lang tid prosent

